

TILLEGGS PROTOKOLL

Til stades for Fagforbundet: Ove Myklebust og Edle Holmin
For VØR: Hans Peter Eidseflot og Gunn Velle

Dato / tid: 19.10.2023 kl 10.00 - 12.00

Protokollen vart sluttført og signert etter nytt møte 27.10.2023 kl 0800 – 0830.

Tilleggspunkt som vert protokollført etter lokal forhandling

1. Avvikling av ordning med fagarbeidarløn for sertifikat

VØR har i mange år hatt ei ordning der fast tilsette utan fagbrev kan oppnå fagarbeidarløn lokalt, på vilkår av at dei tileignar seg desse tre:

- lastebilsertifikat kl C og YSK
- hjullastarsertifikat
- kurs for handtering av farleg avfall (FA-kurs nivå 1)

Kursa vert kosta av VØR og gjennomført i arbeidstid, med løn. Kurskombinasjonen har varig gitt tilsvarande lønsmessig uttelling som fagbrev. Ordninga kom til i ei tid der det var få som hadde fagbrev. No er tilhøva endra, og partane er samde om at ordninga skal avviklast for evt nye kandidatar, slik at ein ikkje skeivfordeler dei som ikkje sjølve tek fagbrev og sertifikat. Avviklinga vert ikkje gitt tilbakeverkande kraft.

2. Planlagt overtid

VØR har i dag ein praksis der dei fast tilsette i tillegg til normalarbeidstida, også deltek i kvelds- og laurdagsvakter på miljøstasjonen. Vi er gjort kjent med at denne typen planlagt overtid ikkje er i samsvar med regelverket. Partane er samde om at VØR skal gjere ei vurdering av alternative måtar å organisere arbeidet utanfor normalarbeidstid. Det skal også gjerast ei vurdering av om det er aktuelt å søkje å inngå avtale med dei tilsette om vidareføring av dagens ordning eller deler av den. Avklaring skal skje innan utgangen av februar 2024.

3. Løsplassering i samband med omorganiseringa

I samband med den pågåande omorganiseringa, er det viktig å sikre rettvis løsplassering ut frå det ansvar og dei arbeidsoppgåver kvar og ein får i ny organisasjon. Partane er samde om å møtest i november 2023 for å gjennomgå stillingar, ansvar og funksjon. Ein skal drøfte om løsplassering og -utvikling samsvarar med ansvar og oppgåver, samt drøfte kva ein evt kan gjere av tiltak for å rette opp i skeivheiter.

4. Lønspolicy for VØR

Arbeidsgjevar røyser spørsmålet om vi bør ha ei felles rettesnor for kva lønspolitikk vi skal ha i VØR. Korleis skal vi sikre konkurransedyktig løn ved rekruttering, kva vil vi premiere, korleis skal lønsfastsettinga føregå og korleis sikrar vi ei rettvis løn for alle. Partane er samde om å vurdere etablering av ein lønspolicy samstundes med vurderinga av planlagt overtid (jf pkt 2). Utførast innan utgangen av februar 2024.

For FAGFORBUNDET:

A handwritten signature in black ink, appearing to be "Ove Myklebust".A handwritten signature in blue ink, appearing to be "Ellen Halv".

For VØR:

A handwritten signature in black ink, appearing to be "Hans Peter Fidsefjord".A handwritten signature in blue ink, appearing to be "Gunn Heller".